Hallingprøva 2024 (8. – 10. mars)

Denne gongen gjekk Hallingprøva ei veke tidlegare enn før. Me fekk eit stabilt og godt vintervær, stødig og arbeidskrevande føre, men i fleire av terrenga var det heller sparsomt med ruper. Det betyr færre sjansar til premiering, adskillig lågare premieprosent og lange dagar for dommarar, førarar og hundar. Om me ser på sjansar til premiering (registrerte oppflukter og standar) hadde kvar hund 0.7 sjanse til å finne fugl mot 1,3 i 2023. Premieringsprosenten vart 13,4 (29,7 i 2023). Likevel var det mange positive attendemeldingar og NKK representant Stian Midtsveen og dyrevelferdsansvarleg Marianne Sagstad fekk ingen oppgaver ut over det som ligg til jobben.

Gjennomføring:

Det vart sendt ut dommarinvitasjon til om lag 70 dommarar. Raske og mange positive svar gjorde til at det var ei enkel oppgave å ha ansvaret for dommarkabalen dette året. I tillegg kom det fleire ynskje om å ta elevarbeid frå kandidatar som er i gang med dommarutdanninga. I alt 5 kandidatar tok eitt eller fleire elevarbeid. Dette prioriterer me. Det var også med på å gjera dommaroppsettet litt vanskeleg, samstundes som me fekk fyllt opp partia med to dommarar slik me ynskjer på vinterprøva. Påmeldinga var også denne gongen svært stor. I alt 485 deltakarar då påmeldingsfristen gjekk ut, - altså 30% på venteliste. Men ved å strekke bruk av terreng og snu litt på dommaroppsettet klarte me å få til eit parti ekstra alle dagane. Det vart då 8 parti på fredag, 3VK kvalifiseringsparti og 7 kvalitetsparti på laurdag, og VK finale og 6 kvalitetsparti på sundag. Alle som møtte på opprop og som stod på venteliste kom med.

Fredag kveld kom det beskjed om at det var reinsdyr i Ynglesdalen, og me kunne då sjølvsagt ikkje bruke terrenget denne gongen. Velvillig terrengeigar stilte då Syningen-terrenget til disposisjon til VK på laurdag og berga dermed situasjonen for oss. VK finale vart også denne gongen ein tett og jevnbyrdig konkurranse. Finale-dommarane Rune Carlsen og Fredrik Engell Sæthereng kom inn med full premieliste og Cacit til vinnaren – ES Veungsdalens LS Hjerte e/f Egil Åsli. (dreiebok ligg på nettsidene).

Alle som fekk premie vart kontrollert etter retningslinjene for dyrevelferd.

Deltaking og premieringsprosent:

UK	125	16,8 %
AK	146	11,0 %
VK	73	12,3 %
Totalt	344	13,4 %

Fordeling av premiar:

1PR	2PR	3PR
32,4 %	45,9 %	21,6 %

Tusen takk til:

Velvillige grunneigarar og terrengleigarar, positive og trivelege deltakarar. Og ikkje minst takk til alle dommarar (24), dommarelevar (5) og settedommarar (3), som stiller opp på ein positiv og engasjerande måte.

Prøveleiar Marianne Sagstad som hadde full kontroll under heile prøva.

Prøvekomiteen: Bjarte Søgaard, Bjørn Sletto, Odd Harald Sørbøen med fleire. Rolf Mykkeltvedt gjer som vanleg ein flott jobb med å få tak i gode terreng.

Med i sekretariatet var Jeanette Wie, Henrik Søgaard og Tore Husebø.
Sponsorar: Sport 1 Geilo, Gresshoppa


Deltakere VK finale


Premierte i VK finale



Vinner av finalen

Egil Åsli og Verdings Valens LS Hjerte